

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr	Utval	Møtedato
056/10	Formannskapet	18.05.2010
036/10	Kommunestyret	27.05.2010

Sakshandsamar: Stine Mari Måren
Elverhøi **Arkiv:** K2-S10 **Arkivsaksnr.** 08/1064

Uttale til melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram for Fardalen Kraftverk

Kort samandrag

Saka gjeld høyningsuttale til melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram for Fardalen kraftverk i Årdal kommune. Formålet med meldinga er å få innspel på moment som bør konsekvensutgreiaast før NVE fastsett eit utredningsprogram som skal følgje ein eventuell konsesjonssøknad.

Rådmannen si tilråding:

Årdal kommune sluttar seg til meldinga om Fardalen Kraftverk med forslag til konsekvensutgreiingstema med følgjande tillegg:

1. Årdal kommune krev at ny lokalisering av massettipp blir eit tema i konsekvensutgreiinga. Årdal kommune gjer framlegg om at vegen i Fardalen skal vere ein av lokalitetane som blir vurdert
2. Årdal kommune krev at endra løysing og lokalisering av tilknytningslinje til straumnettet blir eit tema i konsekvensutgreiinga
3. Årdal kommune krev at omsynet til friluftsliv og andre brukarinteresser må ivaretakast og det må tilretteleggast for ferdsel og bruk om denne blir råka av utbyggingane
4. Årdal kommune rår til at om det er teknisk mogleg bør foto av elva bli kobla mot vassføringsdata i konsekvensutgreiinga
5. Årdal kommune ber NVE vurdere om det er trong for nærmare utgreiing om rasfare/stabilitet, og om dette skal ha konsekvensar for den vidare lokalisering og prosjektering av tiltaket
6. Årdal kommune føreset at utbygginga får ein størst mogleg verdiskaping lokalt

18.05.2010 FORMANNSKAPET

Rådmannen si tilråding vart teken opp til røysting.

Røysting:

Rådmannen si tilråding vart tilrådd vedteken – samrøystes.

FS-056/10 VEDTAK:

Årdal kommune sluttar seg til meldinga om Fardalen Kraftverk med forslag til konsekvensutgreiingstema med følgjande tillegg:

1. Årdal kommune krev at ny lokalisering av massettipp blir eit tema i konsekvensutgreiinga. Årdal kommune gjer framlegg om at vegen i Fardalen skal vere ein av lokalitetane som blir vurdert
 2. Årdal kommune krev at endra løysing og lokalisering av tilknytningslinje til straumnettet blir eit tema i konsekvensutgreiinga
 3. Årdal kommune krev at omsynet til friluftsliv og andre brukarinteresser må ivaretakast og det må tilretteleggast for ferdsel og bruk om denne blir råka av utbyggingane
 4. Årdal kommune rår til at om det er teknisk mogleg bør foto av elva bli kobla mot vassføringsdata i konsekvensutgreiinga
 5. Årdal kommune ber NVE vurdere om det er trong for nærmare utgreiing om rasfare/stabilitet, og om dette skal ha konsekvensar for den vidare lokalisering og prosjektering av tiltaket
 6. Årdal kommune føreset at utbygginga får ein størst mogleg verdiskaping lokalt
-

27.05.2010 KOMMUNESTYRET

Siv Enerstvedt, SV, sette fram slikt framlegg:

Årdal kommune ber utbyggjar greie ut konsekvensar ved eit utløp i Hølen i Øvstetun i staden for direkte ut i Årdalsvatnet.

Formannskapet si tilråding vart teken opp til røysting fyrst.

Røysting:

Formannskapet si tilråding vart vedteken – samrøystes.

Ein røysta deretter over framlegget frå Siv Enerstvedt, SV, på eit nytt punkt 7.

Røysting:

Framlegget frå Siv Enerstvedt, SV, fekk 16 røyster, 4 røysta mot.

KS-036/10 VEDTAK:

Årdal kommune sluttar seg til meldinga om Fardalen Kraftverk med forslag til konsekvensutgreiingstema med følgjande tillegg:

1. Årdal kommune krev at ny lokalisering av massetipp blir eit tema i konsekvensutgreiinga. Årdal kommune gjer framlegg om at vegen i Fardalen skal vere ein av lokalitetane som blir vurdert
2. Årdal kommune krev at endra løysing og lokalisering av tilknytningslinje til straumnettet blir eit tema i konsekvensutgreiinga
3. Årdal kommune krev at omsynet til friluftsliv og andre brukarinteresser må ivaretakast og det må tilretteleggast for ferdsel og bruk om denne blir råka av utbyggingane
4. Årdal kommune rår til at om det er teknisk mogleg bør foto av elva bli kobla mot vassføringsdata i konsekvensutgreiinga
5. Årdal kommune ber NVE vurdere om det er trong for nærmare utgreiing om rasfare/stabilitet, og om dette skal ha konsekvensar for den vidare lokalisering og prosjektering av tiltaket
6. Årdal kommune føreset at utbygginga får ein størst mogleg verdiskaping lokalt
7. Årdal kommune ber utbyggjar greie ut konsekvensar ved eit utløp i Hølen i Øvstetun i staden for direkte ut i Årdalsvatnet

.....

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Grad	Dok.ID
19.04.2010	Fardalen - Melding for Konsekvensutredning.pdf		90719

Ikkje vedlegg:

Høyrbrev frå NVE, datert 13.04.10

Informasjonsbrosjyre frå Fardal Energi (Kortform av meldinga)

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.
Vassdragslovgivninga

Saksutgreiing

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke ein søknad Fardal Energi AS som vil bygge eit elvekraftverk i Fardalselva. Inntaket er planlagt på kote 480 moh ved brua på Haug og inntaksdammen blir liggande open her. Kraftverket blir liggande i fjell med ein planlagt fallhøgde på 477 meter. Anleggsvegen og kraftverket vil bli lagt i tunnel. Utbygginga av Fardal kraftverk er rekna ut til å gje ei yting på ca. 63 GWh ny kraft pr. år. Det er i meldinga planlagt ein tipp utanfor HMR på Grandane. Nettilknytning er planlagt til høgspentlinja som går forbi Haug.

For ein ytterlegare utgreiing om planane viser ein til meldinga som ligg vedlagt.

Området er avsett til LNF-område i kommunedelplan/soneplan for Fardalen og kommunedelplan/soneplan for Øvre Årdal (Begge frå 1987).

Formålet med høringa er å klargjera kva for konsekvensar tiltaket kan få for miljø, naturressursar og samfunn, og kva ein bør ta omsyn til under den vidare planlegginga. Med grunnlag i meldinga og merknadene til denne vil NVE fastsette eit program for kva slags konsekvensutgreiingar tiltakshavar må utarbeide til ein eventuell søknad.

Fardalen Energi AS går inn for at følgjande tema skal utgreiast:

- Landskap og friluftsliv
- Naturmiljø og biologisk mangfald

Vasstands- og vassføringstilhøve, grunnvatn, vasstemperatur, lokalklima, istilhøve, erosjon, jord- og skogbruk, utslepp og næringsliv og sysselsetting blir omtala ut frå tilgjengeleg lokalkunnskap.

Økonomiske konsekvensar

Ikkje vurdert.

Vurdering

Årdal kommune ser positivt på økonomisk lønnsom vasskraftutbygging lokalt og auka produksjon av rein energi. Utbygginga er i tråd med mål i kommunepalanen for Årdal kommune (2003-2014), der det mellom anna i kapittelet Energi og telekommunikasjon er det eit hovudmål: ”*Å sikre tilstrekkeleg kraft til lokalt næringsliv, offentleg verksemd og privat hushaldning*” og eit delmål om at ein skal: ”*stimulere til og eventuelt delta i vidare kraftutbygging lokalt*”.

Administrasjonen meiner at dei tema som i meldinga er føreslege vidare utgreia i ein konsekvensutgreiing (KU) som naudsynte tema å inkludere i ein KU, og stiller seg derfor bak denne vurderinga. Det er likevel viktig at friluftsliv og andre brukarinteresser blir minst mogleg berørt av tiltaket.

Likevel vil administrasjonen på grunn av eksisterande grunnproblem på området der Fardal Energi planlegg tipp (På Grandane) må Fardal Energi finne ein ny lokalisering av massar. Dette er eit tema som også bør få plass i ei konsekvensutgreiing, og da også kobla mot landskap og friluftsliv og naturmiljø og biologisk mangfald. Den kommunale vegen i Fardalen har dårleg standard frå Øvre Årdal fram til skihytta og bør vere ein av lokalitetane som blir vurdert.

Nettilknytninga som Fardal Energi førutset i meldinga kan ikkje gjennomførast fordi Årdal Energi muntleg har opplyst at dei ikkje har ledig kapasitet på linja. Tiltakshavar må derfor finne alternative måtar å knyta seg til kraftnettet på. Administrasjonen meiner dette er eit tema

som bør inkluderast i ei konsekvensutgreiing, og da også kobla mot landskap og friluftsliv, naturmiljø og biologisk mangfald.

Administrasjonen var representert på folkemøtet NVE heldt 22.04.10. Administrasjonen er positiv til ideen Fardal Energi presenterte på møtet om å fotografere elva samstundes med at dei måler vannmengde i elva i sommar. Bilete av elva kobla til ulike vassføringar gir ei meir utfyllande framstilling av vassføringa, og biletet kan vere enklare å forstå for fleire enn tal i en tabell.

Fordi utbyginga er planlagt innanfor fareområde på NGU sine aksomheitskart for steinsprang er det i tillegg ønskjeleg at dette blir vurdert. Årdal kommune ber NVE vurdere om det er trong for nærmere utgreiing om rasfare/stabilitet, og om dette skal ha konsekvensar for den vidare lokalisering og prosjektering av tiltaket.